



Høgskulen  
på Vestlandet

# BACHELOROPPGÅVE

Born som veks opp med foreldre som rusar seg  
Children growing up with parental substance abuse

**Kandidatnummer: 232**

Levert: 14.05.2021

Bachelor i vernepleie

Helse og sosialvitenskap (FHS)/ Institutt for velferd og  
deltaking

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle

kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. *Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.*

**Purpose:** The purpose of this thesis is to research how children experience growing up with parental substance abuse and how this can affect their development. I have discussed the findings in light of attachment theory, parentification and resilience.

**Method:** The method in this thesis is literature review. I have used several academic search engines, such as Oria, Scopus and PsychInfo to find relevant research on what I sought to find answers to.

**Results:** Most of the children in the studies have experienced lack of support and love from their parents. Many have had to take emotional and instrumental responsibility from a very young age. Despite their challenging childhood most of the children have achieved a higher education and managed fine in their adult lives.

**Keywords:** Child, substance abuse, drug abuse, parental substance abuse, parentification, alcoholic, attachment, resilience

Antal ord: 7970/ Number of words: 7970

## Innhald

1.0 Introduksjon .....	5
1.1 Tema og problemstilling.....	5
1.2 Avgrensing.....	6
1.3 Kvifor er tema relevant for vernepleie? .....	6
1.4 Mi forforståing .....	8
1.5 Oppgåva si oppbygging .....	8
2.0 Omgrepsavklaring .....	9
3.0 Teori .....	9
3.1 Tilknytningsteori.....	9
3.2 Parentifisering .....	11
3.3 Resiliens.....	12
4.0 Metode.....	13
4.1 Framgangsmåte.....	13
4.2 Inklusjons- og eksklusjonskriterier .....	14
4.3 Litteraturhierarki .....	15
4.4 Kritisk vurdering .....	15
5.0 Presentasjon av funn .....	16
5.1 An upbringing with substance-abusing parents: Experiences of parentification and dysfunctional communication.....	16
5.2 Children of parents with alcohol problems performing normality: qualitative interview study about unmet needs for professional support .....	17
5.3 Living with an elephant: Growing up with parental substance misuse .....	18
5.4 Challenging childhoods: Young people’s account of “getting by” in families with substance abuse problems.....	19

5.5 Oppsummering.....	20
6.0 Drøfting .....	20
6.1 Hemmeleghald og normalitet .....	21
6.2 Tilknytning og parentifisering.....	22
6.3 Resiliens.....	24
7.0 Avslutning.....	26
8.0 Litteraturliste .....	27
9.0 Vedlegg.....	29
9.1 Skjema for kritisk vurdering .....	29
9.1.0 Vedlegg 1- Sjekkliste for vurdering av: An upbringing with substance-abusing parents: Experiences of parentification and dysfunctional communication .....	29
9.1.1 Vedlegg 2- Sjekkliste for vurdering av: Challenging childhoods: young peoples accounts of “getting by” in families with substance abuse problems .....	33
9.1.2 Vedlegg 3- Sjekkliste for vurdering av: Children of parents with alcohol problems performing normality: A Qualitative interview study about unmet needs for professional support. ....	38
9.1.3 Vedlegg 4- Sjekkliste for vurdering av: Living with an elephant: Growing up with substance misuse .....	43
9.2 Vedlegg 5- Dokumentasjon for litteratursøk .....	48

## 1.0 Introduksjon

### 1.1 Tema og problemstilling

Det er vanskeleg å seie sikkert kor mange born som opplever foreldra sine alkoholvanar som problematisk. Det er verd å reflektere over kvar grensa for kva eit alkoholproblem er, og kor mange born som strevar med foreldra sine alkoholvanar. Dersom ein ser på det diagnostiserte alkoholmisbruket, det som gir helseskadar eller gjer ein at ein strevar sosialt, kan ein anslå at omkring 90 000 born har minst ein forelder som har misbrukt alkohol det siste året. Dette er omkring 8,3 % av alle born under 18 år (Av og til, 2020). ICD -10 kategoriserer avhengigheit som ei rekke åtferdsmessige, kognitive og fysiologiske fenomen som utviklar seg etter gjenteke stoffmisbruk. Ein person som er avhengig har eit sterkt ynskje om å ta stoffet, har vanskar med å kontrollere bruken og set bruken høgre enn andre aktivitetar og forpliktingar (Verdens helseorganisasjon, 2021). Sjølv om desse tala stadfestar kor mange born som veks opp med rusproblem kan det tenkjast at det er fleire enn statistikken syner. Årsaka til dette kan vere at ikkje alle har eit diagnostisert rusproblem, men borna opplever foreldra sine rusvanar som problematiske sjølv om dei ikkje er rekna som ein avhengigheit.

Tema i denne oppgåva er rusmisbruk hjå foreldre, og korleis dette misbruket går ut over born. Eg ynskjer å finne ut korleis borna sjølve opplever foreldra sitt rusproblem, kva dei tenkjer om sin eigen barndom, men og korleis dette kan ha påverka dei i vaksen alder. Det er ikkje definert korleis rusmiddel som blir misbrukt, då det er borna si subjektive oppleving som er fokus. Det kan tenkjast at borna sjølv heller ikkje skil mellom ulike typar rus, men heller ser endringar i åtferd hjå foreldra når dei er ruspåverka.

Eg har derfor valt problemstillinga: *«Korleis opplever born å vekse opp i ein heim prega av rus, og korleis kan dette påverke borna?»*

Årsaka til at dette er eit tema som interesserer meg er dei sårbare borna som lever i ein slik kvardag, og kor vanskeleg det kan vere å få auge på dei. For at me som både vaksne, men og fagpersonar, skal ha moglegheit for å hjelpe dei må me ha kunnskap om emnet og vite kva me skal sjå etter. Teorien rundt tema er basert på forskning gjennom mange år, men mykje er tal og

kvantitativ informasjon. Dette gjer meg interessert i å finne ut korleis borna sjølv opplever situasjonen sin, men og korleis dei kan bli påverka av misbruket.

## 1.2 Avgrensing

Oppgåva tek føre seg born som veks opp med foreldre som er rusmisbrukarar. Sjølv om mange som slit med rusproblematikk har psykiske diagnosar i tillegg har eg valt å avgrense til berre rusproblematikk. I oppgåva er omgrepet rusmisbruk avgrensa til dei tilstandane der rusen har teke over kvardagslivet, og ein set rus framfor andre aktivitetar og gjeremål i kvardagen. Sjølv om born si oppleving av rus er subjektiv, og kan opplevast som både skremmande og lite føreseieleg omfattar ikkje oppgåva foreldre som har eit normalt forhold til alkohol.

## 1.3 Kvifor er tema relevant for vernepleie?

Som vernepleiarar kan ein jobbe med mange ulike grupper, mellom anna kan me jobbe innan rusomsorga inn mot både den rusavhengige og dei pårørande. Vernepleiarar er autoriserte helsepersonell, men har og kompetanse på pedagogikk, psykologi og forvaltning (Fellesorganisasjonen, u.å.). Dette er ein kompetanse som kan vere nyttig dersom ein jobbar med rusavhengige då dei ofte kan ha samansette utfordringar knytt til kvardagsmeistring, utfordringar både somatisk og psykisk. Som vernepleiarar har me mykje kompetanse på å leggje til rette for å leve eit sjølvstendig liv. Me har fokus på kvardagar. Aktivitetar knytt til kvardag og fritid er samanveva i det pedagogiske, psykologiske, helse og sosialfaglege arbeidet (Fellesorganisasjonen, 2017). Omgrepet empowerment er knytt til at vernepleiaren skal medverke til å mobilisere styrke og ressursar hjå personar slik at dei kan kome ut av avmakt (Askheim, 2017, s. 80-81). For å kome ut av avmakt kan ein trenge støtte til t.d. plass å bu, få arbeid, administrere medisin på ein hensiktsmessig måte, vite korleis ein kan meistre kjensler på ein hensiktsmessig måte m.m. Vernepleiarane kan bidra til auka rettstryggleik, likeverd og betre levekår for den enkelte. Nokre menneske har utfordringar av ein slik art at det krev systematikk i alle ledd av den vernepleiarfaglege arbeidsmodellen. Etisk refleksjon er viktig i vernepleiarfagleg arbeid då ofte forholdet mellom vernepleiaren og tenestemottakar er asymmetrisk, noko som gjer at vernepleiaren har fagleg kunnskap og mynde som gir makt. Som vernepleiar er det derfor viktig å vere medviten om denne asymmetrien slik at ein kan minske den så mykje som mogeleg (Fellesorganisasjonen, u.å.)

8 % av medlemmane til FO jobbar i skule, medan 1% jobbar i barnehage (Fellesorganisasjonen, 2017). Som miljøterapeutar i skule har vernepleiaren kunnskap om individuell opplæringsplan, tilrettelegging og lovverk. Kompetansen vår kan bidra til deltaking og auka toleranse for mangfald. I utdanninga har me hatt kommunikasjon, psykologi, pedagogikk og helsefag som er relevante emne i møte med born i vanskelege livssituasjonar. Mange born som opplev rusmisbruk i heimen treng støtte frå andre vaksne enn foreldre, som fagpersonar og vaksne kan me gi denne støtta slik at borna kjenner at dei meistrar skulekvardagen og trivst i klassemiljøet. På denne måten kan skulen vere ein trygg plass for born som strevar i heimen. Vernepleiaren kan følgje opp bekymringar for eleven og drive med foreldrerttleiing (Fellesorganisasjon, 2017). Eit sterkt tverrprofesjonelt samarbeid kan betre den tilpassa opplæringa, betre utbyte av undervisninga samt auke sosial utjamning. (Fellesorganisasjon, 2017)

Vernepleiarfagleg arbeid varierer mellom systematisk tiltaksarbeid og relasjonelt arbeid. Den vernepleiarfaglege kompetansen inneber t.d. å legge til rette for personar med ulike emosjonelle-, fysiske-, sosiale og kognitive utfordringar, og å minske utanforskapet som personen kan kjenne på.

Som verktøy brukar vernepleiaren GAVE, grunnleggande arbeidsmodell for vernepleiefagleg arbeid, som sikrar brukarmedverknad slik at brukar får påverke sin eigen kvardag. Som vernepleiarar har me eit sterkt brukarfokus og mykje kunnskap om individuell tilrettelegging for å styrke den enkelte sine mogelegheiter for sjølvbestemming og auka livskvalitet (fellesorganisasjon, u.å).

På bakgrunn av vernepleiaren sin breie kompetanse innan både rusfeltet og skule- og barnehagesektoren er rus og born eit aktuelt tema for oss. Det er avgjerande for borna at dei som skal vere der og sjå dei veit kva dei skal sjå etter, og fangar dei opp. Slik har ein mogelegheit til å få til eit samarbeid med føresette og borne, men og mogelegheita til å avverje situasjonar som kan vere direkte skadelege for borne.

## 1.4 Mi forforståing

Forforståing vil seie korleis tankar og erfaringar ein har rundt fenomenet ein skal undersøke. Forforståinga kan farge korleis me ser på det me skal undersøke, og kan avgjere korleis informasjon me vel å ta med og å utelate (Dalland, 2017, s. 63).

Eg har ikkje noko tidlegare erfaring i arbeid med rusmisbrukarar eller pårørande til rusmisbrukarar. Personleg har eg erfaring frå familiemedlemmar som har hatt eit rusproblem. Erfaringa er at personen var høgt fungerande, men hadde ikkje eit realistisk syn på sitt eige problem. I familien vart problemet forklart med sjukdom, noko som kjendest som ei ansvarsfråskrivning på personen sine vegne. Både personleg erfaring og forforståinga mi seier at personar med rusmisbruk prioriterer rus framfor andre viktige ting i livet som t.d. arbeid, familieliv eller hobbyar. Likevel trur eg at foreldre med rusmisbruk skjuler problemet sitt frå omverda og står fram som normale familiar. Årsaka til dette kan mellom anna vere at det er tabu og skamfullt å ikkje meistre det normale familielivet, men og at ein ikkje ser sjølv at det ein driv med er eit problem. Av eigen erfaring har eg sett at born trur at slik dei sjølve har det heime er slik alle har det heime. Born er og svært lojale ovanfor foreldra sine, då dette er dei omsorgspersonane dei har. Etter kvart som borne vert større og medviten om sin eigen omsorgssituasjon kan nok frykt vere ei hindring for å søkje hjelp. Trass i foreldra sitt rusmisbruk er dei nok svært glade i foreldra, og redde for å bli tekne vekk frå dei. Frykta for omsorgsovertaking er nok ein faktor i at foreldra heller ikkje søker hjelp.

## 1.5 Oppgåva si oppbygging

I kapittel to vil eg forklare sentrale omgrep som er brukt i oppgåva. I kapittel tre presenterer eg tilknytning, parentifisering og resiliens som relevant teori for oppgåva. Vidare i kapittel fire forklarar eg metoden, litteraturstudie samt framgangsmåten, inklusjons- og eksklusjonskriterie, litteraturhierarki og kritisk vurdering av artiklane som er brukt.

I kapittel fem legg eg fram funna som er gjort i artiklane. Desse blir først presentert artikkel for artikkel før eg summerer dei og trekk ut kva som vil kome med i drøftinga. I kapittel seks drøfter eg funna i underkapittel tilknytning og parentifisering, hemmelegald og normalitet og resiliens. Kapittel sju avsluttar eg oppgåva med å forsøke å samle trådane, og kome med eigne refleksjonar.



## 2.0 Omgrepsavklaring

I denne delen av oppgåva vil eg avklare nokre sentrale omgrep som blir brukt i oppgåva.

**Rusmisbruk:** Rusmisbruk vil seie å bruke eit rusmiddel på ein måte som ikkje er samfunnsmessig akseptert, eller brukar andre midlar til å oppnå ein rusverknad enn dei som er akseptert av samfunnet rundt (*Forebygging*, u.å.)

**Parentifisering:** Parentifisering vil seie eit mønster av familieinteraksjonen der born og ungdom blir tildelt roller og ansvar som, innan deira kultur, normalt blir utført av vaksne omsorgsgivarar (Mowatt Haugland, 2006).

**Resiliens:** Resiliens er konsekvensen av personen sine beskyttelsesfaktorar, kompetanse og individet sin reaksjon på stress eller vanskelege livsforhold (Kvello, 2018, s. 242).

**Tilknytning:** Tilknytning er dei emosjonelle banda born har til primære omsorgspersonar, det vil seie kor trygge eller utrygge dei er på omsorgspersonane (Kvello, 2012).

**Kognitiv dissonans:** Eit psykologisk ubehag som kan oppstå når tankane og verdiane våre ikkje stemmer overeins med åtferda vår. Dette ubehaget motiverer oss til å enten endre tankane eller åtferda, eller innhente ny informasjon som kan rasjonalisere åtferda (Dalsklev & Eimot, 2014).

## 3.0 Teori

### 3.1 Tilknytningsteori

Kvello (2012) beskriv tilknytning som dei emosjonelle banda born har til primære omsorgspersonar, det vil seie kor trygge eller utrygge dei er på omsorgspersonane. Dette skjer vanlegvis mellom 4-8 månaders alder. Ved trygg tilknytning har ein grunnleggjande tillit til seg sjølv og andre, medan med utrygg tilknytning har ein grunnleggjande mistillit til seg sjølv og andre. Det kan skje små brot i samspelet mellom omsorgspersonar og borne, mikroseparasjonar, ved at omsorgspersonen si inntoning på borne er svak eller feil. Det er skildra to typar av desse mikroseparasjonane. Den eine er eit påtrengande eller invaderande samspel der omsorgspersonane ikkje fangar opp eller respekterer borne sitt signal om ro, men

held fram samspelet. Dette kan føre til eit einssidig engasjement, lite spegling samt asynkroni fram for synkroni i samspelet. Den andre typen er at omsorga er lite emosjonelt involvert. Dette fører til manglande eller forseinka turtaking, samspelet kan verke flatt eller mangle vitalitet samt at borne mista initiativ, respons og koplar seg ut av samspelet (Kvello, 2012).

Kvello (2012) peikar vidare på Ainsworth (1978) sine ulike typar tilknytingskategoriar som er skildra som A,B,C og D. A er kjenneteikna som den unnvikande der borne syner ein tydeleg tendens til å unngå emosjonell nærleik til andre. Dette er ofte forårsaka av krevjande foreldre som er involverte men ikkje emosjonelt. Borne lærer at relasjonen er best om dei opptrer som handlekraftige, positive og dei presterer godt. Det er lite aksept for emosjonar som redsle, einsemd, svakheit osv. Dei lærer seg å halde desse kjenslene for seg sjølve, då dei får negativ respons frå foreldre på kjenslene. Sjølvbilete er prega av korleis dei bør vere framfor kven dei er. Tilknytningstype B er kjenneteikna som trygg. I denne kategorien kjenner borne seg trygge på omsorgspersonane fordi dei er positive, føreseielege, tek utgangspunkt i borne sine behov og støttar utviklinga med utgangspunkt i deira særpreg. Omsorgspersonane stiller krav, men gir mykje støtte og sikrar at dei får mange positive opplevingar saman slik at relasjonen er prega av varme, aksept, engasjement og glede. Personar med trygg tilknytning kan vere både kognitivt analyserande og emosjonelt opplevande, og kombinerer desse slik at dei står fram som innsiktsfulle og hensiktsmessige i forståing og handling. Tilknytningstype C er ambivalent som vil seie at borne er prega av sterke emosjonar som dei i liten grad kan bruke kognitive strategiar for å regulere. Relasjonen til omsorgspersonane er prega av ein «av og på» relasjon der foreldra vekslar mellom å ignorere borne og ta meir omsyn til eigne behov og eit intenst samspel. Foreldra kan overføre sine emosjonar og behov over på borne som t.d. behov for trøyst. Tilknytningstype D blir kalla desorganisert. Det som kjenneteiknar denne type tilknytning er at borne ikkje har nokon tydeleg tilknytingsstrategi. Foreldra er nokså emosjonelt utilgjengelege, skremde eller skremmande (t.d. rusa, eksplosive, valdelege, lite føreseielege). Born med denne typen tilknytning fokuserer ofte meir på andre sine emosjonar enn sine eigne. Konsekvensen av dette er at dei kan bli framande for seg sjølve og lite emosjonelt nære andre. Parentifisering har i mange år vore kjent som tilknytningstype D (Ainsworth, 1978, sitert i Kvello, 2012).

### 3.2 Parentifisering

Mowatt Haugland (2006) skriv at parentifisering vil seie eit mønster av familieinteraksjonen der born og ungdom blir tildelt roller og ansvar som, innan deira kultur, normalt blir utført av vaksne omsorgsgivarar. Ho vektlegg at ein må sjå borne sitt rollemønster i forhold til normer og forventningar i den kulturen som borna lever i. Det er ulike typar rollemønster innan parentifisering. Nokre born har ei foreldrerolle i forhold til eigne foreldre, ein eller begge foreldra tek i mot mykje omsorg, støtte og hjelp frå borne. Andre born har ein partnerrolle til eigne foreldre. Dette vil seie at foreldra forhold seg til borne som om dei var av same generasjon og deler intime erfaringar eller diskuterer personlege problem med borne, som om det skulle vore vaksen. Nokre born har ei vaksenrolle i forhold til andre i familien som t.d. yngre sysken. Korleis type oppgåver borna får har noko å seie for om parentifiseringa er destruktiv eller adaptiv. Praktiske/instrumentelle oppgåver er konkrete oppgåver med ei tydeleg rolleforventning. At oppgåvene er tydelege og opne bidreg til at parentifiseringa er mindre destruktiv. Emosjonelle oppgåver går ut på at borne har oppgåver som å trøyse, beskytte og oppmuntre. Borna blir gitt ansvar for den kjenslemessige stabiliteten i familien. Det blir uttrykt bekymring for konsekvensane av desse oppgåvene då dei er mindre tydelege og borna får mindre anerkjening for desse typar oppgåver. Både instrumentelle og emosjonelle oppgåver eksisterer ofte i ein kombinasjon. (Mowatt Haugland, 2006)

Destruktiv parentifisering kan ha ein del negative konsekvensar. Borna kan oppleve ei kjenslemessig belastning med bekymring for foreldra sitt humør, personlegdom og framtid. Om borna ikkje kjenner at dei strekk til for å dekke familiemedlemmar sine behov er dette rekna som destruktivt og kan resultere i skamkjensle og skuldkjensle. Desse borna kan oppleve at deira behov for omsorg, trøyse, rettleiing og beskyttelse ikkje blir imøtekome i tilfredsstillande grad. Destruktiv parentifisering kan gå ut over den sosiale utviklinga og skuleprestasjonane til borna då dei ikkje har tid eller mogelegheit til å delta på aldersadekvate aktivitetar og fører til utfordringar i å skape og oppretthalde relasjonar og bygge nettverk utanfor familien. I skulen kan manglande støtte, dårleg frammøte, låg innsats og dårlegare konsentrasjon hemme skuleprestasjonen og deira akademiske status. Born som opplever destruktiv parentifisering kan ha vanskar med å etablere ei sunn sjølvkjensle og eigenverdi. Dei kjenner seg heller elska for

kva dei gjer framfor kven dei er. Parentifiserte born blir gjerne skildra som hjelpsame og overansvarlege, men på ei anna side kan destruktiv parentifisering gi risiko for utvikling av psykiske lidingar (Mowatt Haugland, 2006).

### 3.3 Resiliens

Trass i vanskelege omsorgssituasjonar er det nokre born som greier seg godt, dette blir kalla for resiliens. Resiliens betyr god psykososial fungering trass oppleving av risiko (Borge, 2003, s. 13). Resiliens vil seie at borne har motstandskraft mot å utvikle psykiske problem. Ein har tidlegare brukt omgrepet «løvetannbarn» om desse borna, men det finns ingen magisk løvetannkraft som gjer at borna blir resiliente. Det er heller eit unikt samarbeid mellom borne sine individuelle eigenskapar og miljøet sine eigenskapar (Borge, 2003, s. 16). Samanhengen mellom borne sin særeigne resiliente åtferd og det sosiale systemet er sentralt i resiliensprosessen. I tillegg er borne si oppfatning av seg sjølv svært viktig. Å styrke borne sine kognitive, sosiale og åtferdsmessige karakteristikkar er å gjere dei mindre sårbare ovanfor ei rekke problem (Borge, 2003, s. 35). Å få til noko, få skryt og oppmuntring gjennom sosial kontakt eller aktivitet fremjar resiliens. Altså har borne utbyte av å møte utfordringar som dei meistrar (Borge, 2003, s. 36).

Stress er eit mykje brukt omgrep, men Borge (2003) skriv at når ein skal finne ut om stress verkar negativt eller positivt er det naudsynt å vite korleis ytre påkjenningar som finns. T.d. er alvorleg familiekrangel og alkoholmisbruk to velkjende risikofaktorar som kan øydeleggje borne sin trivsel og utvikling. For at dette skal verke negativt må det førekome i alvorleg grad, altså ofte og ramme borne direkte. Dersom det skjer sjeldan og foreldra tek omsyn til borne når dei kranglar treng ikkje stresset å verke negativt (Borge, 2003, s. 47). Det vert skildra tre typar psykososial risiko: Individuell, familiebasert og samfunnsmessig. Grunna oppgåva si avgrensing vil eg kort gi ein presentasjon av individuell og familiebasert då desse er relevante. Individuell risiko vil seie dei medfødde, erverva problem frå fødselen eller borne sin status som t.d. barnevernsborn eller flyktning. Borne sitt temperament eller personlegdom er og rekna som ein individuell risiko (Borge, 2003, s. 50). Familiebasert risiko er knytt til dei vaksne og deira foreldrerolle som t.d. mentale eller somatiske helseproblem og alkoholmisbruk.

Kvello (2018) skriv resiliens er ikkje noko som er statisk, men knytt opp mot enkelte situasjonar eller typar stress, og fungerer som ein slags buffer. Dei miljøskapte bidraga til resiliens er at foreldra har sensitiv, varm og responderande omsorg for borne sitt. Sensitiv omsorg og støtte frå nettverket bidreg til at borne utviklar ei trygg tilknytning der det har eit positivt sjølvbilete, tru på at dei kan meistre livsutfordringar og har empati med andre (Kvello, 2018, s. 242–243).

## 4.0 Metode

Metoden som blir brukt i oppgåva er litteraturstudie. Det vil seie at eg går gjennom forskning og tolking som allereie eksisterer rundt spørsmålet eg vil undersøke (Aveyard, 2019, s. 2). For å finne den relevante litteraturen ein ynskjer å undersøke må ein formulere ei problemstilling. Litteraturstudie vil seie at ein går grundig gjennom eksisterande litteratur og analyserer denne slik at ein tileignar seg ny kunnskap og innsikt på feltet (Aveyard, 2019, s. 2).

Problemstillinga er formulert slik at det er opplevinga av foreldra sitt rusproblem som blir undersøkt, og korleis dette påverkar borna. I litteratursøket er det inkludert 4 artiklar som eg skal analysere og sjå opp mot relevante teoriar. Aveyard (2019) peikar på at ein må spisse søket slik at ein sit att med ei overkommeleg mengd artiklar som ein vidare skal lese gjennom samandraga på, dette for å unngå «Cherry picking», som vil gi eit lite nyansert bilete av forskinga som eksisterer på området (Aveyard, 2019, s. 13–14).

### 4.1 Framgangsmåte

For å finne søkeord til problemstillinga sette eg opp eit tankekart det eg skreiv orda som var inkludert i problemstillinga. Eg utvida søkeorda til synonym. Vidare søkte eg opp orda på engelsk, med fleire synonym. Søka vart gjort i Oria, Scopus og psychinfo. Oria og Scopus gav flest treff. Eg las samandraga og vurderte dei opp mot inklusjons- og eksklusjonskriterier, i tillegg til at eg samanlikna mi problemstilling med problemstillinga i artikkelen. Etter å ha gjort litteratursøk i desse databasane hadde eg 9 artiklar som var aktuelle. For å synleggjere korleis eg har valt ut artiklar frå søk har eg laga ein tabell i vedlegg 5, dette vedlegget inneheld og søkeorda som er brukt. Det er vidare brukt snøballmetoden der eg har leita i litteraturlistene til andre aktuelle artiklar, og på denne måten har eg funne to artiklar. Totalt hadde eg slik 11 artiklar som var aktuelle. For å avgrense oppgåva både på grunn av ressursar og tid valde eg ut

4 av desse 11 artiklane ut frå kva som var mest relevant med utgangspunkt i litteraturhierarkiet, eksklusjonskriteria og avgrensinga som er valt for oppgåva. Desse artiklane vart sett inn i ein tabell med oversikt over referanse, metode, hensikt med studia, funn og relevans for oppgåva. Ved å setje opp artiklane på denne måten var det enklare å sjå artiklane kvar for seg, men og som ei heilheit. Det vart tydelegare korleis tema ein kunne samle funna under. Dessa tema tek eg med vidare i drøftinga.

#### 4.2 Inklusjons- og eksklusjonskriterier

I søket etter litteratur til oppgåva valde eg å ikkje definere korleis rusmiddel som er brukt, det vil seie at oppgåva inkluderer både alkohol og narkotikabruk. Dette fordi det ikkje er sjølve rusen som er tema i oppgåva, men opplevinga av å vekse opp i eit rusprega miljø.

Eg har ekskludert litteratur som kombinerer rus og psykiatri, dette for å avgrense oppgåva. Det er mange som strevar med ein kombinasjon av desse, men med omsyn til oppgåva sitt omfang har eg valt å ekskludere dette.

Born er i oppgåva definert som personar mellom 0-18 år, men inkluderer ikkje ufødde born. Den påverknaden eg undersøker er ikkje den somatiske eller fysiologiske, men heller den psykologiske og utviklingsmessige knytt til tilknytning, parentifisering og resiliens. Derfor er gravide rusmisbrukarar ekskludert frå litteraturen.

Oppgåva er avgrensa til forskning som er utført i liknande kultur som Noreg, dette omfattar Skandinavia, Skottland og England. Årsaka til dette er at støtte frå skule, barnevern og andre institusjonar har ulike tradisjonar for å gripe inn og hjelpe familiar i ulike kulturar. For at oppgåva skal vere relevant for min seinare praksis vil det vere avgjerande at kulturen og forholda som blir nemnt i oppgåva liknar på norske forhold.

Det er ikkje valt ut noko tidsavgrensing for artiklane. Barnevernet og skulesystemet har stått ganske uforandra i mange år, derfor eg ser på artiklar frå etter år 2000 som relevante. Born si oppleving av eigen barndom er subjektiv, og derfor kan ein ikkje seie at noko er rett eller feil. Ei erfaring er ein personleg oppleving som ein berre kan få høyre om frå personen sjølv. Derfor har eg med artiklar frå 2000-2021.

### 4.3 Litteraturhierarki

Problemstillinga i oppgåva søker å finne opplevinga av eit fenomen. Derfor er artiklane som er mest aktuelle å bruke kvalitative undersøkingar med intervju som går i djupna på spørsmålet, då dette gir utfyllande og grundige svar på spørsmålet som er stilt (Aveyard, 2019, s. 61). For å vurdere korleis artiklar som skal bli inkludert har eg sett opp eit litteraturhierarki. Hierarkiet mitt ser slik ut:

1. Kvalitative undersøkingar med djubdeintervju (fagfelleverderte)
2. Kvalitative undersøkingar med djubdeintervju (ikkje fagfelleverderte)
3. Teoretisk litteratur
4. Praksislitteratur

Eg har brukt teoretisk litteratur og anna relevant forskning for å forklare og byggje opp under funna som er gjort i artiklane.

### 4.4 Kritisk vurdering

For å kritisk vurdere artiklane har eg brukt «*Sjekkliste for vurdering av en kvalitativ studie*» frå kunnskapsbasert praksis (Helsebiblioteket, 2016). Denne inneheld spørsmål der ein svarar ja/nei/usikker, og kan legge til kommentar. Det er utfylt eit eksemplar for kvar av artiklane som ligg som vedlegg 1-4. Aveyard (2019) skriv at dersom ein finn ein artikkel som er spesielt interessant både på grunn av funn, og fordi den glir lett gjennom skjema for kritisk vurdering kan ein bruke denne som mal for dei andre artiklane (Aveyard, 2019, s. 137) noko som vil gi ei dobbel vurdering av artiklane. Den eine artikkelen som er teke med i oppgåva er ein summert artikkel av fem andre kvalitative undersøkingar. Eg har samanlikna denne opp mot dei andre, som eg har vurdert til å vere av god kvalitet, og vurdert denne og til å vere av god kvalitet. Artikkelen er inkludert, til trass for at den ikkje ligg øvst i hierarkiet, då den svarar på problemstillinga. Eg vurderer artikkelen til å vere av god kvalitet.

I kvalitative undersøkingar er det vanskeleg å definere den indre validiteten, då dette handlar om at resultatane er rette. I undersøkingar med intervju er det den subjektive opplevinga av eit fenomen som blir undersøkt, og derfor den enkelte si røynd som skal vurderast. Jacobsen

(2010) peikar på at personen si eiga røynd kan ikkje bli vurdert som rett eller feil, men dersom personen påstår noko utanfor si eiga røynd kan ein avgjere om dette er rett eller feil. Det næraste ein kjem for å definere ei sanning rundt sosiale fenomen er når fleire personar kan einast om den same skildringa, dette kallar ein for intersubjektivitet. Altså at dess fleire som fortel same historia dess meir sann er den (Jacobsen, 2010, s. 143–144).

Det er brukt ei sekundærkjelde i oppgåva. Eg har vurdert dette til å vere greitt då det er godt etablert fagteori. I tillegg har situasjonen rundt Covid- 19 gjort det utfordrande å reise til biblioteket for å søke opp primærkjelda.

## 5.0 Presentasjon av funn

I dette kapittelet skal eg presentere funna som er gjort i dei utvalde artiklane. Eg vil presentere artiklane kvar for seg. Funna er presentert med bakgrunn i problemstillinga som er: «*Korleis opplever born å vekse opp i ein heim prega av rus, og korleis kan dette påverke borna?*». Eg vil avslutte med eit eige kapittel der eg samlar funna og tydeleggjer korleis tema som vil bli fokusert på i drøftinga.

### 5.1 An upbringing with substance-abusing parents: Experiences of parentification and dysfunctional communication

Artikkelen er ei kvalitativ studie der forskarane har gjort djubdeintervju med 19 personar som har delteke på eit småborn/nyfødd intervensjonsprogram. Informantane har vakse opp med foreldre med rusmisbruk (Tedgård et al., 2019, s. 227).

Informantane fortel om korleis dei har prøvd å halde ei emosjonell distanse frå forelderen med rusmisbruk. Informantane som hadde ein forelder med rusmisbruk fortel at den andre forelderen var lite tilgjengeleg både fysisk og emosjonelt for dei. Dei fleste deltakarane opplevde ikkje at dei var elska av foreldra (Tedgård et al., 2019 s. 229).

Rolla til fleire av deltakarane, i studien, i oppveksten var å sjå etter, ta vare på og tilgi foreldra sine. I tillegg måtte dei sjølve ta rolla som foreldre. Dei skildrar både emosjonelt og praktisk ansvar i heimen (Tedgård et al., 2019, s. 230). Meir enn halvparten av informantane fortel at dei



hadde dårlege strategiar for å beskytte seg sjølve, samt opplevde halvparten at dei hadde sterk angst og/eller depresjon. Nokre prøvde å ta sitt eige liv (Tedgård et al., 2019, s. 230-231).

Det var vanskeleg for mange av informantane å snakke om foreldra sitt misbruk med andre. Det var ikkje forbode, men dei opplevde likevel at dei ikkje kunne snakke om det (Tedgård et al., 2019, s. 231). Dei fleste av informantane opplevde manglande støtte frå det sosiale nettverket. Halvparten fortel at skule var ein trygg stad i vanskelege periodar (Tedgård et al., 2019, s. 232).

Fleire av deltakarane forklarar at dei har hatt problem med å stole på folk på grunn av ustabile omsorgspersonar. Eit stort fleirtal seier at det er vanskeleg å spørje om hjelp, både som born og no i vaksen alder (Tedgård et al., 2019, s. 232). Informantane har kjent på skam, undertrykking av eigne kjensler samt andre vanskar som dei framleis slit med i ulik grad (Tedgård et al., 2019, s.233).

## 5.2 Children of parents with alcohol problems performing normality: qualitative interview study about unmet needs for professional support

Artikkelen er ei kvalitativ studie der dei har intervjuet 9 deltakarar i mellom 60-120 minutt. Intervjuet var semistrukturerte med open slutt. Alle intervjuet er tekne opp, transkribert og analysert med «Systematic text condensation» (Werner & Malterud, 2016).

Kvardagen til fleire av deltakarane har vore prega av truslar, spenningar, skuldingar og manipulering (Werner & Malterud, 2016). Borna opplevde lite støtte frå foreldra, samt frå profesjonelle. Fleire fortel at dei kjende seg forrådt av den forelderen som ikkje var rusa, då den trivialiserte den alkoholisererte forelderen sine problem (Werner & Malterud, 2016).

Borna streva med å halde noko sosial orden i familien, og samtidig opptre som normalt utanfor familien. Dei gjorde mykje for at familien skulle stå fram som ein normalt fungerande familie (Werner & Malterud, 2016).

Alle informantane skildra familiar med konflikter. Den alkoholisererte forelderen hadde ofte eit vekslende humør, starta kranglar og vart uvenn med dei andre familiemedlemmane (Werner & Malterud, 2016). Nokre fortel at foreldra kunne ha to personlegdomar, der dei var blide og sjarmerande offentleg, og motsett heime. Informantane fortalde at foreldra aldri innrømte

problemet sitt, men la skulda på andre familiemedlemmar når det var eit problem (Werner & Malterud, 2016).

Alkoholismen øydelagde dei daglege rutinane, aktivitetane og feiringane. Dette gjorde kvardagen til borna usikker og utrygg (Werner & Malterud, 2016). Informantane måtte overvake og kontrollere reaksjonar hjå andre familiemedlemmar for å bevare husfreden, og for å ikkje provosere den andre forelderen. Informantane trur andre visste om problema, men ikkje intervenerte (Werner & Malterud, 2016).

### 5.3 Living with an elephant: Growing up with parental substance misuse

Denne artikkelen er ein litteraturgjennomgang. Formålet med studien er å undersøke eksisterande litteratur om korleis born og unge opplever å vekse opp med foreldre som har eit rusproblem (Kroll, 2004, s. 131-132).

Artikkelen nemnde hemmelegald og fornektning som førte til spenningar, angst og forverring av problemet (Kroll, 2004, s. 132). Heile familien var organisert rundt rusmisbruket, og det vart ei rutine at ein møtte behova til personen med rusmisbruket. Frå borna sitt perspektiv var regelen om å ikkje snakke tidleg implementert. Hemmelegald der frykt og skam var tema gjorde at familiane mista nettverket sitt, og kontakt med utvida familie. Til lenger tilstanden var hemmeleg til vanskelegare var det å avsløre tilstanden og borna vart mindre tillitsfulle ovanfor andre utanforståande (Kroll, 2004, s. 132).

Opplevinga av å vere stengt ute og ekskludert i familien gjorde at borna kjende seg lite ynskja, avvist eller lite viktige. Rusmisbruket blir omtalt som «elefanten i rommet» fordi det er noko ingen snakkar om, men det tek likevel all energi, fokus og ressursar i familien (Kroll, 2004, s. 132).

Informantane fortel at dei har opplevd tap, ofte eit usynleg tap som t.d. tap av barndom, sjølvtilit eller normal livsstil. Mange fortel at dei har kjent seg forlatt både av den rusa forelderen, men og av den andre (Kroll, 2004, s. 133).

Artiklane tok opp konflikt og krancling mellom foreldra som ei kjelde til stress og angst, der borna ofte kjende seg skuldige i konflikta (Kroll, 2004, s. 134). Konsekvensen av kaoset var at

heile familien måtte ta omsyn til foreldra sine behov. Borna forneakta sine egne kjensler, og om dagen blei bra vart avgjort av foreldra sine kjensler og oppførsel. Konsekvensen av dette var isolasjon, einsemd og at det var ingen ein kunne stole på eller vende seg til. Alle informantane var klare på at det var den emosjonelle mishandlinga som var verst som t.d. kommentarar om at dei var uynskt eller aldri skulle vore fødde, latterleggjering framfor andre eller terging (Kroll, 2004, s. 135). Det var få av informantane som opplevde parentifisering, men nokre fortel om rollebyte der dei irettesette foreldra, som førte til at foreldra skjulte oppførselen sin for borna (Kroll, 2004, s. 136).

#### 5.4 Challenging childhoods: Young people's account of "getting by" in families with substance abuse problems

Artikkelen er ein kvalitativ studie av 38 unge personar mellom 15 og 27. Det er 20 kvinner og 18 menn frå Skottland. Aldersspennet er grunnlagt med at informantane er gamle nok til å reflektere over fortida og framtida (Backett-Milburn et al., 2008, s. 465-466).

Fleire av informantane opplevde at foreldra ikkje dekkja dei grunnleggjande behova deira, og at dei sjølve måtte dekke både praktiske og emosjonelle behov hjå foreldre og/eller søsken (Backett-Milburn et al., 2008, s. 467). Det var utfordrande når dei flytta heimefrå då dei framleis bekymra seg for behova til søsken og foreldre. Det var viktig for informantane å utøve noko form for kontroll i heimen som t.d. å konfrontere foreldra med misbruket eller prøve å fjerne rusmiddelet frå dei. Dette hadde ofte liten effekt (Backett-Milburn et al., 2008, s. 467-468).

Informantane fortel at dei flykta frå situasjonen, ofte saman med søsken, til rommet sitt for å sjå TV, høyre musikk eller la kjenslene få kome ut. Ein av dei viktigaste sosiale ressursane deira var søsken, dette fordi dei kunne samanlikne opplevingar og erfaringar. I tillegg fungerte søsken som rollemodellar (Backett-Milburn et al., 2008, s. 468-469).

Mange såg på skule som ei flukt frå kvardagen eller eit pusterom. Mange hadde likevel bekymringar for om foreldra kunne skade seg sjølve eller liknande når dei var på skulen (Backett-Milburn et al., 2008, s. 470-471).

Fleire av mennene i undersøkinga fortalde at skule representerte vald og mobbing for dei. Nokre forklarte utfordringane med at dei hadde vanskar med å respektere autoritetar. Nokre

fortel at det var vanskeleg å leggje att problema heime og fokusere på skularbeidet. Det var viktig for informantane at dei hadde hatt mogelegheita til å søke støtte hjå nære vener, naboar eller slektningar (Backett-Milburn et al., 2008, s. 471).

### 5.5 Oppsummering

Fleire av artiklane peika på hemmelegald som noko som prega informantane sin barndom. Mange informantar fortalde om at foreldra hadde to personlegdomar, ein heime og ein offentleg (Werner & Malterud, 2016). Det verkar som det var viktig både for foreldra og borna at familien sto fram som ein vanleg familie. Tausheit rundt problema er trekt fram i tre av fire artiklar.

Deltakarane i Tedgård et.al., (2019) forklarar at dei ikkje kjende seg elska av foreldra og hadde problem med å stole på andre i vaksen alder. Informantane i 2 av 4 artiklar peikar spesifikt på emosjonell og praktisk parentifisering, medan dei to andre skildrar bekymringar som ein stor del av kvardagen. Fleire informantar skildrar ein barndom prega av truslar, frykt og konflikhtar der krangling mellom foreldra har vore ei kjelde til stress og angst.

Dei fleste informantane i artiklane har greidd seg bra til trass for barndomen. Dette finn ein i utvalet i artiklane som syner at fleirtalet i artiklane til Tedgård et.al.,(2019) og Werner og Malterud (2016) har fullført vidaregåande og/eller høgare utdanning. Det er trekt fram i artikkelen til Backett-Milburn et.al.,(2016) at skule og fritidsaktivitetar har vore eit viktig pusterom for informantane, samt at søsken har vore ein viktig ressurs for dei.

### 6.0 Drøfting

I dette kapittelet vil eg samle funna under relevante tema som synte seg i analysen. Drøftinga er delt inn i underkapittel hemmelegald og normalitet, tilknytning og parentifisering og resiliens. Eg vil drøfte dei opp mot etablert teori, forskning og problemstillinga: «*Korleis opplever born å vekse opp i ein heim prega av rus, og korleis kan dette påverke borna?*». I dette kapittelet brukar eg ein artikkel av Aase Sundfær (2005) som eg drøftar opp mot funna. Denne er ikkje tidlegare presentert, men inkludert då den er relevant for drøftinga.

## 6.1 Hemmelegald og normalitet

Eit tema som kjem tydeleg fram i funna er hemmelegaldet og tausheita rundt rusmisbruket i familien. Informantane i tre av fire artiklar snakkar om nettopp dette. Nokre peika på at å ikkje snakke med andre, men heller dekke over problema gjorde at dei hadde ei form for kontroll over situasjonen heime (Backett-Milburn et al., 2008, s. 476). Andre var lojale og laug for å skjule foreldra sitt misbruk fordi dei ikkje ville øydeleggje familien sitt inntrykk, samt korleis foreldre skulle opptre (Werner & Malterud, 2016). At informantane prøvde å dekke over problema og stå fram som ein normal familie er eit funn som har vist seg tydeleg.

Desse funna kan me sjå opp mot det Sundfær (2005) skriv om at det å leve med ein forelder som er rusmisbrukar kan opplevast som skamfullt for borne. Tausheita botnar ofte i lojaliteten til foreldra, men problemet blir og skjult fordi borna vil halde på kjærleiken til mor eller far (Sundfær, 2005, s.164). Tausheita og skamkjensle kan skuldast frykt for at foreldra skal miste omsorga for borna. På ei anna side kan tausheita frå borna si side dreie seg rundt frykt for at dei må flytte frå foreldra.

Hemmelegaldet og fornekinga av problemet førte til at alt vart sentrert rundt rusproblemet til foreldra. Artikkelen til Kroll (2004) nemner rusmisbruk som «elefanten i rommet», dette på bakgrunn av at det er ein stor og viktig hemmelegheit som tek mykje merksemd og ressursar for dei rundt. At foreldra har så sterk tilknytning til rus, og fornektar det, gjer det vanskeleg for borna å ignorere «elefanten». At problemet er skjult og hemmeleg kan gjere til at borna byrjar å tvile på sine eigne observasjonar, som kan føre til at verda blir ein usikker plass for dei og dei kan verte usikre på om det dei opplever er ekte eller ikkje (Kroll, 2004, s. 133).

Blåkors snakkar om nettopp dette når dei poengterer at tabuet fører til at opplevingane til borna vert gjort ugyldige som ein konsekvens av hemmelegaldet rundt rusmisbruk og familiesituasjonen (*Blåkors*, u.å.). For at borna skal bevare mamma og pappa sin løyndom unngår dei ofte nærgåande spørsmål eller lyg om situasjonen sin. Konsekvensen av dette kan bli at dei vert sosialt isolerte eller avvist av andre (Kvelling, 2018, s. 350). Hemmelegaldet og tausheita rundt familiesituasjonen kan få alvorlege konsekvensar for borna. Dersom borna ikkje

har nokon å snakke med vil dei kunne ta med seg problema vidare, og bruke foreldra sine strategiar for å løyse problema som t.d. å ruse seg (Sundfær, 2005, s. 171).

## 6.2 Tilknytning og parentifisering

Alle artiklane peikar på frykt og skremmande og/eller truande opplevingar som noko som prega barndomen til informantane. Nokre skildrar den rusmisbrukande forelderen som ein person med ustabil og vekslende humør, ein person som startar kranglar og vart uvenn med dei andre familiemedlemmane (Werner & Malterud, 2016). Fleire skildrar familien som konfliktfylt der den rusmisbrukande forelderen kunne bli fornærma for bagatellar, og etter kranglar ikkje snakka med familien på dagar eller veker. Fleire skildra foreldra som ein person med to personlegdomar, ein blid og omgjengeleg ute med andre og motsett heime (Werner & Malterud, 2016). Informantane fortalde at dei gjorde det dei kunne for å ikkje provosere den rusmisbrukande forelderen. Rusproblemet øydelagde rutinar, aktivitetar og feiringar i familien, og gjorde kvardagen usikker for borna (Kroll, 2004, s. 134; Werner & Malterud, 2016)

Kvello (2018) skriv at born ofte opplever foreldra som lite føreseielege, inkonsekvente og upålitelege når dei er rusa (Kvello, 2018, s. 347). Funna peikar på at teorien stemmer overeins med informantane sine opplevingar. Ein oppvekst der foreldra kritiserer, hånar, truar, avviser eller ekskluderer borna frå fellesskapet kan ein vurdere til å vere psykisk eller emosjonell mishandling (Kvello, 2018, s. 216). Det blir vidare peika på miljøfaktorar som belastning tidleg i livet, mishandling eller kjenslemessige-,kognitive- og sosiale tilpassingsvanskar som årsak til byrjande rusmisbruk (Kvello, 2018, s. 341). Born som veks opp med slik stor belastning har stor kapasitet til å fange opp foreldra sine signal. Dei har ofte ei overutvikla evne til å registrere mor eller far si sinnsstemning. Dette er ein viktig strategi for å meistre sin eigen kvardag (Sundfær, 2005, s. 165).

Tilknytningstype C er kjenneteikna av at den er ambivalent. Relasjonen til omsorgspersonane er prega av ein «av og på» relasjon der omsorgspersonane vekslar mellom å ignorere borne og ta meir omsyn til eigne behov og eit intenst samspel. Foreldra kan overføre sine emosjonar og behov over på borne (Kvello, 2012). Informantane forklarar at dei har teke ansvar for praktiske

gjere mål, men og for at foreldra ikkje skulle bli provoserte. At born får eit slikt ansvar for foreldra kan gi borna ei kjenslemessig belastning der dei bekymrar seg for humøret til foreldra og framtida. Dette kan liggje til grunn for emosjonell parentifisering når foreldra overfører sine problem og behov til borna. Mowatt-Haugland (2006) skriv at born som opplever slike emosjonelle og praktiske krav frå foreldra vil kunne oppleve at deira behov for trøyst, omsorg, rettleiing og beskyttelse ikkje blir imøtekome av foreldra (Mowatt Haugland, 2006). Ut ifrå dette kan ein seie at borna som opplever denne forma for parentifisering opplever det motsette av det som ligg til grunn for trygg tilknytning. Dette kan ein og sjå opp mot det informantane fortel om at det var ekstra utfordrande i dei periodane der foreldra var kapable forsørgjarar (Backett-Milburn et al., 2008). Det kan tenkjast at i periodar der foreldra var til stades emosjonelt og praktisk kan dette ha vore forvirrande for borna.

For å unngå frykta som dette medførte valde mange å halde ein emosjonell distanse frå foreldra. Dei fleste informantane i Tedgård et al., (2019) fortel at dei ikkje kjende seg elska av foreldra. Dei opplevde heller ikkje at foreldra forstod dei som eigne individ eller anerkjende ansvaret dei tok (Tedgård et al., 2019, s. 230). Det var ei form for rollebyte der dei tok vare på og passa på både foreldra sine, men og søsken. Backett-Milburn et al., (2008) skriv at halvparten av informantane opplyser at dei har hatt søsken som omsorgspersonar medan den andre halvparten fortel at dei har vore omsorgsgivarar for sine søsken (Backett-Milburn et al., 2008, s. 467). Mesteparten av informantane fekk ikkje dekkja sine grunnleggjande behov frå foreldra. Nokre fortel at dei var «strenge foreldre» for sine eigne foreldre der dei enten prøvde å fjerne rusmiddelet frå dei, eller at dei irettesette foreldra for rusmisbruket (Backett-Milburn et al., 2008, 466-468). Kroll (2004) sin artikkel viser til at ein del av borna fekk vere i rolla som born, men at dei nokre gonger måtte ta ansvar for foreldra. Dette førte til at foreldra sneik seg meir rundt dei og frykta irettesettinga frå eigne born (Kroll, 2004, s.136) At borna tok både emosjonelt og praktisk ansvar i familien førte ofte til for lite søvn og for lite ro til å gjere skularbeid (Tedgård et al., 2019, s. 231).

At informantane ikkje fekk dekkja dei grunnleggjande behova, i tillegg at dei hadde praktisk og emosjonelt ansvar i familien, kan sjåast opp mot det Mowatt-Haugland (2006) skriv om at parentifisering kan gå ut over den akademiske statusen til borna.

Eit felles trekk frå alle artiklane var at borna kjende på manglande støtte frå foreldra. I familiar der den eine forelderen var rusmisbrukar, kjende fleire seg svikta av den andre forelderen fordi hen underdreiv problemet til den rusmisbrukande forelderen samt at all merksemd og energi gjekk til hen (Werner & Malterud, 2016). Fleire hadde og ei kjensle av tap, tap av barndom, sjølvtilitt, stabilitet, støttande og responderande foreldre og tap av ein normal livsstil (Kroll, 2004, s. 133).

Det som ligg til grunn for den trygge tilknytninga er at borne kjenner seg trygg på omsorgspersonane fordi dei er positive, føreseielege og tek utgangspunkt i borna sine behov. Omsorgspersonane stiller krav, men gir mykje støtte (Kvelling, 2012). Funna i artiklane peikar på at tilhøva ikkje har lege til grunn for trygg tilknytning.

I vaksen alder fortel informantar at dei har kjent på skam og forneking av eigne kjensler. Dei har dårleg sjølvtilitt og kjensleregulering, noko som dei tilskriv oppveksten sin. Dei har ambivalens mellom hat og kjærleik til foreldra, og føler at dei har forrådt dei (Tedgård et al., 2019, s. 233).

### 6.3 Resiliens

Til trass for det som er presentert over er det mange som har greidd seg godt i det vaksne livet. Det er mange forklaringar på kvifor nokre meistarar vaksenlivet godt medan andre ikkje. Eg vil prøve å peike på nokre av dei funna som kan ha vore avgjerande for resiliens, og forklare dei opp mot aktuell teori.

